

Radøy Ungdomsskule

v/Rektor

FAU 2017/2018

Radøy Ungdomsskule

Storheim 29.01.2018

På møte i FAU 15.01.2018 vart det vedtatt å senda innspel til skulen om sakene lista under.

- **FAU føreslår at det vert utarbeida ei hefte med informasjon til føresette ved skulen.** Det kan lagast eit hefte der det vert orientert om korleis ungdomsskulen fungerer, kven som gjer kva, osv. Her bør og dei ulike tilsette på ungdomsskulen verta presenterte med bilete, stilling, arbeidsoppgåver og kontaktinformasjon. FAU meiner det kan betra overgangen frå barne- til ungdomsskulen og gjera det lettare for foreldre å ta kontakt med lærarane.
- **FAU foreslår at det ikkje vert meir enn 2 evt 3 framføringar eller prøvar ila ei veka.** Som føresette opplever me at det stundom vert mange prøvar og framføringar på kort tid. Det meiner me er ei unødvendig belastning for elevane. Årsaka er ofte at fastsette prøvar vert utsett. Dersom ein har fastsett ei dato for prøven så gjennomfør det. Dersom ein ikkje er ferdig med eit kapittel kan ein ha prøve så langt ein har kome.
- **Det bør vera muleg for elevane å ha ein presentasjon for faglærer og ikkje for heile klassen.** Det er elevar som finn det vanskeleg å halda presentasjonar for klassen noko som kan ha ulike årsaker. Det viktigaste er at elevane får øve på å lage ein presentasjon og får vise kva dei har lært. Målet er å skape trygge elevar som klarar å stå framfor klassen, men på vegen dit kan det vera tenleg å berre framføra for faglærer.
- **Alle lærarar vert bedne om å lage ein plan for framføringar og prøvar for eit tidsrom på t.d. 6 mnd. om gongen.** Dette meiner FAU vil gjera det lettare for elevane og føresette å planlegge fråvær som tannlegetimar, osv.
- **Vekeplanen.** Vekeplanen er viktig for elevane og føresette. Det er i stor grad gjennom vekeplanen føresette kan følgja med på kva som skjer i undervisninga. Difor meiner FAU det er viktig med litt informasjon om **alle** fag på vekeplanen.

FAU vonar skulen finn innspela gode og viktige, at dei vert sett ut i livet snarast og at skulen melder attende til FAU kva de meiner om innspela. Dersom noko er uklårt kan de ta kontakt med underteikna.

Mvh Berit Marie Storheim

(leiar FAU 2017/2018)